

# Møteprotokoll

**Utval:** Naustdal-Gjengedal verneområdestyre  
**Møtestad:** Scandic Sunnfjord Hotell, Førde  
**Dato:** 22.02.2019  
**Tidspunkt:** 13:00 – 15:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Håkon Myrvang	Leiar	
Oddmund Klakegg	Nestleiar	
Iris Loftheim	Medlem	
Leidulf Rygg Bogstad	Medlem	

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunhild Berge Stang	MEDL	

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/19	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 1/19	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Orienteringssaker styremøte 1/2019		2019/4183
ST 3/19	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidler for 2019		2019/4173
ST 4/19	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Møteplan for 2019		2019/2581
ST 5/19	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Kommunesamanslåing og styresamansetting		2019/2581
ST 6/19	Eventuelt		

## **ST 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 22.02.2019**

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **Vedtak ST 1/2019**

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

## **ST 2/19 Signering av protokoll frå førre møte**

**Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 22.02.2019**

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå førre møte vert godkjent og signert

### **Vedtak ST 2/2019**

Protokoll frå styremøte 3/2018 vart godkjent og signert.

# RS 1/19 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Orienteringssaker styremøte 1/2019

## Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 22.02.2019

Arkivsaksnr: 2019/4183-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 12.02.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	1/19	22.02.2019

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Orienteringssaker styremøte 1/2019

### Vedtak RS 1/2019

Styret tok orienteringssakene til vitande.

- FM Vestland

Frå årskiftet vart Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Hordaland slege saman til Fylkesmannen i Vestland.

Det nye fylkesmannsembetet har over 250 tilsette fordelt på kontorstadar i Bergen, Førde, Leikanger og forvaltarkontor på Sandane, Gaupne, Aurland og Rosendal.

Verneområdeforvaltninga ligg under Miljøavdelinga med avdelingsdirektør i Bergen, og vidare i Naturmangfaldseksjonen som har seksjonssjef på Leikanger.

I det daglege vert det lite praktiske endringar, verken for forvaltarane eller verneområdestyra. Men vi er ein del av ein større organisasjon med meir folk og litt nye rutinar.

- Driftsmidlar til styret

Styret har fått 90.000 i driftsmidlar for 2019. Då har vi ei bra romsleg ramme for den normale drifta med styremøte og synfaringar lokalt. Det er ikkje lagt inn midlar til konferansar e.l. sidan det er siste funksjonsåret for det sittande styret.

- Status på besøksstrategi

Endeleg utkast til besøksstrategi vart sendt til Miljødirektoratet i midten av januar, og er bekrefta motteken der.

- Supplerande vern

Klima- og Miljødepartementet har opne for ei runde med "supplerande vern". Dei har bedt Fylkesmannen om å sende inn ei bruttoliste over områder som har kvalitetar som gjer dei aktuelle for vern. Det er og opna for å endre verneform på eksisterande verneområde. Naustdal-Gjengedal er her meldt inn som eit aktuelt område, for endring av verneform frå landskapsvernområde til nasjonalpark.

## ST 3/19 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidler for 2019

Arkivsaksnr: 2019/4173-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 12.02.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	3/19	22.02.2019

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidler for 2019

### Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 22.02.2019

#### Vedtak ST 3/2019

1. Styret set av kr 200.000 av tiltaksmidlane til ferdigstilling av trappene i Geitabykset. Arbeidet skal starte so fort som det let seg gjere.
2. Styret set av kr 150.000 av tiltaksmidlane til informasjonsskilt, og gjev forvaltaren i oppdrag å starte med dette arbeidet. Det skal i første omgang settast opp to skilt. Desse skal plasserast ved trafikknutepunkt eller i sentrumsområde der ein kan no mange folk.
3. Dei resterande kr 210.000 av tiltaksmidlane vert fordelt seinare i 2019.

#### Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidler for 2019
- Tildeling av tiltaksmidler for 2019 frå Miljødirektoratet
- Framlegg til besøksstrategi

#### Saksopplysningar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre sette i desember 2018 opp si «bestilling» av tiltaksmidler for 2019 og sende den til Miljødirektoratet (sjå vedlegg). Det var ei liste på åtte ulike tiltak med ei estimert total kostnadsramme på kr 820.000.

Miljødirektoratet har no gjort si prioritering og tildeling (sjå vedlegg);

- Naustdal-Gjengedal er tildelt 560.000 kr i tiltaksmidler
- Fire av dei åtte tiltaka på lista er ikkje prioritert, sidan tiltaka mangla forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan.

### **Handsaming i møte**

Verneområdestyret skal fordele den tildelte potten på dei tiltaka som er prioritert, og må ta stilling til følgjande spørsmål:

- Kor mykje midlar skal settast av til kvart tiltak?
- I kva rekkefølge skal tiltaka eventuelt prioriterast?
- Skal alle tiltaka settast i gong?

Verneområdestyret kan og legge føringar for gjennomføring av tiltaka, oppfølging, rapportering og for eventuell omprioritering av midlar gjennom året.

# ST 4/19 Naustdal-Gjengedal verneområde styre - Møteplan for 2019

Arkivsaksnr: 2019/2581-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 12.02.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområde styre	4/19	22.02.2019

## Naustdal-Gjengedal verneområde styre - Møteplan for 2019

### Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområde styre - 22.02.2019

#### Vedtak ST 4/2019

Styret vedtok følgjande møteplan for dei resterande møta i 2019:

Styremøte 2/2019: 20. mai.

Kjem attende til stad, vert truleg kombinert med synfaring eller tur.

Styremøte 3/2019: 16.sept i Naustdal

Styremøte 4/2019: 22. nov i Gloppen

#### Saksopplysningar

- I vedtektene til Naustdal-Gjengedal verneområde styre står det at styret skal ha minst fire styremøte kvart år.
- I bestilling av driftsmidlar for 2019, er det budsjettert med fire fysiske møter.
- Naustdal-Gjengedal verneområde styre har fått 90.000 i driftsmidlar for 2019. Det er om lag dekkande for dei fire budsjetterte møta.
- Verneområdestyret har som tradisjon å rullere på lokaliseringa for styremøte, mellom dei tre kommunane.

Det vert ikkje Nasjonalparkkonferanse i regi av Miljødirektoratet i 2019.

Forvaltaren har gått gjennom møteplanane til alle kommunane og til fylkeskommunen, og markert ut dei dagane kor det er sett opp kommunestyremøte, fylkesting og møter i relevante utval med meir.

Basert på dette har forvaltar sett opp ein del aktuelle datoar for styremøta som er sendt ut med planleggingsverktøyet «Doodle». Alle i styret har kome med tilbakemeldingar gjennom det verktøyet.



## **Handsaming i møtet**

Styret må velje datoar for styremøta ut året (styremøte 2/2019, 3/2019 og 4/2019).

### Styremøte 2/2019:

Beste alternativ: 20. mai. Andre alternativ: 11., 13., 14. juni

Møtestad: Synfaring, tur?

### Styremøte 3/2019 :

Alternativ: 27. aug, 30. aug, 13. sept, 16. sept, 17. sept, 24. sept.

Møtestad: Naustdal?

### Styremøte 4/2019:

Alternativ: 22. nov, 6. des.

Møtestad: Gloppen?

## ST 5/19 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Kommunesamanslåing og styresamansetting

Arkivsaksnr: 2019/2581-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 12.02.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	5/19	22.02.2019

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Kommunesamanslåing og styresamansetting

### Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 22.02.2019

#### Vedtak ST 5/2019

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre skriv brev til Miljødirektoratet der vi gjer greie for korleis styret ynskjer at styret skal settast saman etter kommunesamanslåingane i 2020.

Verneområdeforvaltaren skriv eit framlegg til brev basert på ordskiftet som var i møtet, og sender det til styret for godkjenning.

#### Bakgrunn

Frå 2020 er tre av kommunane som har areal Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, slått saman til ein. Verneområdet som tidlegare gjekk over fire kommunar, vil då berre gå over to; Sunnfjord og Gloppen. Det vil truleg få konsekvensar for korleis styret vert sett saman etter kommune- og fylkestingsvalet i 2019.

Per i dag går altso verneområdet over fire kommunar, som alle har kvar sin representant i styret. I tillegg har fylkeskommunen ein representant i styret, slik at her totalt er 5 styremedlemmer. Gloppen er den kommunen som har mest areal i verneområdet med 56 % av arealet, fulgt av Naustdal, Jølster og Førde. Frå 2020 er dei tre siste slått saman, slik at det berre vil vere to kommunar; Gloppen framleis med 56 % og Sunnfjord med 44 %.

Dei signala vi har fått til no tyder på at ein vil følgje den etablerte praksisen med ein representant frå kvar kommune, pluss representant frå Fylkestinget. I so fall vil Naustdal-Gjengedal verneområdestyre verte redusert frå fem til tre representantar. Styret vil gå frå eit allereie lite styre til eit veldig lite styre. Det vil berre krevje to stemmer for å få fleirtal i eit so lite styre. Er det fornuftig?

Ein kan og stille spørsmål ved om lokalkjennskapen til dei mange innfallsportane og dei ulike delane av verneområdet er ivaretatt med berre to representantar frå kommunane. Det er nok fleire nasjonalparkar og landskapsvernområde på tilsvarende storleik som Naustdal-Gjengedal eller større, som har små styre på ned mot 3-4 representantar totalt. Men desse er kanskje «enklare» områder med få innfallsportar, få bygningar og færre «problemstillingar» for forvaltninga.

Økonomisk ville ein nok spare noko i driftsmidlar til styret ved å redusere storleiken. Å gå frå fem til tre representantar er ein reduksjon på 40 %. Nokre av driftskostnadane er uavhengig av storleiken på styret, og so mistar ein nokre «stordriftsfordeler» som samkøyring og liknande. Realistisk sett kan ein nok redusere driftskostnader med om lag 30 %. Per i dag har vi estimerte driftskostnadar på om lag 90.000 i normalår. Innsparinga vil altså truleg ligge mellom 25.000 og 30.000. Det praktiske kring styredrift vil og kunne bli litt enklare

Dersom styret har meiningar om korleis styret bør settast saman og fungere etter kommunesamanslåinga, bør de sende inn innspel til Miljødirektoratet no.

## **ST 6/19 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 22.02.2019**

#### **Ingen saker**